

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 10.05.2022

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Marta Samland, Thorleif Gjernes, Veslemøy Mjelde, Kenneth Vikane og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Kenneth Vikane, Oddmund Skeie

Referent: Kaia

**Sak 2022/31: Godkjenning av innkalling og dagsorden.** Godkjent

**Sak 2022/32: Godkjenning av referat frå styremøte 05.04.2022.** Godkjent

**Sak 2022/33: Eigedomar:**

- Herand Kulturhistoriske senter, organisering av årets sesong. Utlyse vaktstilling i bygdeblad, Facebook og oppslagstavlen.
- Vassmålar er installert i Meieriet, HB vert no fakturert med kloakkavgift i samsvar med målt vassforbruk frå kommunen.
- Blomeplanting ved museet, i ostekjelen ved badeplassen, ved elvemiljøet, ved HG/skulesvingen og ved kulturhuset. Laga vaktliste for vatning gjennom sommaren.
- Fire/fem beitegeiter i øvre del av kulturstien i perioden 1.mai til midt i juni, dette vert gjort kjent for publikum med informasjonsskilt i stien og info på Facebook.
- Det gamle rektorkontoret er no klart for nye leigetakarar, høver godt som kontor. Interesserte kan ta kontakt med styret i Herand bygdelag.

**Sak 2022/34: Tilstellingar:**

- Evaluering bygdedugnad 23.04. Bra med folk stilte, om lag 70 personar. Mykje godt arbeid vart gjort, tusen takk for innsatsen.
- 17. mai feiring, komiteen er i arbeid med arrangementet. Me har fått ein del eingongsservise frå Handverksmessa som kan brukast. Resten er til fri nytte for laga, lagrast i skåpa på vaskerommet.
- Generalforsamling i Herand omsorgsbustader 30.05 kl. 20.00 på Herand kulturhus. Alle styremedlemmer i Herand bygdelag som har høve, møter.

**Sak 2022/35: Økonomi:**

- Straumstøtte til Herand kulturhus: perioden des. 21- mars 22, kr. 14.545,-. Bygdelaget har fått avslag på støtte frå Frivillighetens år, «Vår dag».
- Kasserer ynskjer å få alle kassakvitteringer når det handlast på bygdelaget sin konto på Herand Landhandleri. Send gjerne til Angunn som bilete på mobiltelefon.

**Sak 2022/36: Nærmiljøanlegget:**

- Entreprenør er i sving med opprydding av arealet mot anlegget (på skule- og leikeplassen). Vert ferdig til 17.mai.
- Offisiell opning av nærmiljøanlegget vert 2. pinsedag i samarbeid med idrettslaget og Herand Rundt (06.06.).

**Sak 2022/37: Andre saker/eventuelt:**

- Pågåande kontakt med kommunen og fylkeskommunen mtp. å få skifta ut tematavlene i kulturstien, ved helleristningsfeltet og ved Sævarebrua/elvemiljøet (fleire av tavlene er svært falma og i dårleg stand).

- Jonsok; idrettslaget koordinerer årets feiring. Dei tek kontakt med dei andre laga om aktuelle oppgåver.

**Neste styremøte tysdag 14.06.22 kl. 19.00 på Herand kulturhus**